

Innspel budsjett 2026 – frå Ørjan Yri

Det første som slo meg då eg hørde at det peikast mot nedlegging av ein barneskule i Hjørungavåg eller Bigset krins: Myrsnipa. Kommunedirektøren er jegeren i Jan Eggums vise.

Det skal sparast pengar. Forståeleg nok. Vonleg ikkje til ein kvar pris.

Eg ser Hareid kommune har fleire saker på høyring i desse dagar. Mellom anna har kommunedirektøren tilrådd at "Framlegg til plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar" blir lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker, frå 14.10.2025–25.11.2025. Her finn eg mange gode planar, når ein les under hovudpunkt for strategi: "Inkludering – Inkludering er å sørgje for at alle skal få vere med i fellesskap og delta i samfunnet. Ein skal kjenne seg velkomen, respektert og verdsett, uansett kva bakgrunn eller eigenskapar ein har. For at alle skal kunne vere med og delta, må vi leggje til rette for det. Vi må prøve å skape eit miljø der alle har moglegheit til å bidra og kjenne seg som ein del av fellesskapet, det blir kalla å integrere.

Fellesskap er plassar der menneske møtast og gjer noko saman. Det kan til dømes vere ein skule, ein jobb, eit nabolag eller ein ungdomsklubb. Inkludering er å leggje til rette for at alle får vere med i slike fellesskap."

Eg treng sikkert ikkje å kommentere på dette, men eg trur dei fleste på Bigset og i Hjørungavåg vil kalle skulen sin nettopp eit slikt fellesskap som blir beskrive over her. I tråd med plan.

Vidare i same plan blir det vist til viktigheita av eit "positivt skulemiljø". Eg kan ikkje snakke for andre skular her, men eg kan garantere at dette er på plass i høgaste grad på Bigset. I tråd med plan. Eg er glad ut av ein annan dimensjon for at mine barn har fått desse lærarane og det miljøet som er på skulen.

So von at vidare vurdering av foreslått skulenedlegging tek med det som står i «plan for førebygging». Ta også med det kommunedirektøren seier: "Kostra-tala for 2024 syner at skuler og barnehagar i Hareid ligg om lag på gjennomsnittet for Kostra-gruppa vår og faktisk litt lågare på mange område."

Og eg vonar at kommunedirektøren tør å peike geværet sitt mot andre innsparingsmål enn barna våre. Eg skal slenge på nokre punkt der det kanskje ligg summar som "monnar": 1. Sjukefråvær. Ut frå statistikk frå NAV M&R har Hareid lege jamt over landsgjennomsnittet dei siste 5 åra. Kva kostar dette kommunen per år? 2. Eg ser og at Hareid har kasta seg på ein trend med fastlønna fastlegar. Kva kostar dette kommunen per år jamført med næringsdrivande fastlege? Mi erfaring frå fleire kommunar på Sunnmøre er at dette kostar mykje. Det vart innført som del av rekrutteringsstrategi, og fastlegesituasjonen har betre seg mange stader, men samstundes har staten auka basistilskotet betydeleg. Næringsdrivande fastlegar sende sine "lønnskrav" til Staten, fastlønna leger sender til kommuna. 3. Jens har nylig ytra: «Stoltenberg: – Kommunekrisa ikkje så ille som KS hevdar». Har Hareid kommune teke til motmæle offentleg? Kanskje kan ein vise til kor gale det ser ut å gå, økonomisk sett, med hareid og vippe tuttifrutti-budsjett-forhandlingane i kommuna sin

favør?

Avsluttningsvis. Eg oppfattar ein positiv vind over Hareid. Fleire bedrifter etablera seg av strategiske hensyn. Hareid på "Gründertoppen". Fleire eg kjenner har flytta heim etter studier/jobb utabygds og jammen får dei seg ikkje barn og slår seg gjerne ned både i Bigset og Hjørungavåg krins. Skulane har sitt å sei. Løft blikket. Lange briller. Skyt på riktig blink. Og sjølv om det er eit par år til neste kommune-valg har eg tru på at dei folkevalde forstår "en hver synest best om sine egne små".